



Deloitte Advokatfirma As Avd Bergen
Postboks 6013
5892 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3837 - 22/40786

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
27.05.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 433/11

Hella indre

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 433/11
Tiltakshavar: Rita Hella Grindheim og Frank Ståle Grindheim
Ansvarleg søkjar: Deloitte Advokatfirma AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.05.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Avkøyrsløysing til fylkesveg 5484- Radøyvegen må vera godkjent av Vestland fylkeskommune. Søknad om utvida bruk av avkøyrsla gjer ein på Statens Vegvesen sine nettsider.
2. Tomta må vera sikra godkjent avløpsløysing. Det må anten dokumenterast at den avløpsløysinga huset har tilfredsstillar dagens krav eller ein må søkja om utsløppsløyve. Om dette spørsmålet kan ein ta kontakt med Hogne Askeland på Miljø- og tilsynsavdelinga i kommunen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.07.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Frank Ståle Grindheim	Radøyvegen 2092	5936	MANGER
Rita Hella Grindheim	Radøyvegen 2092	5936	MANGER

Mottakarar:

Deloitte Advokatfirma As Avd Bergen	Postboks 6013	5892	BERGEN
-------------------------------------	---------------	------	--------